



## **Planstrategi 2016-2019**

**Vedtatt kommunestyret  
25.10.2016**



## Innholdsliste

<b>Innholdsliste .....</b>	<b>3</b>
<b>1. Innleiing.....</b>	<b>4</b>
1.1 Bakgrunn og føremål.....	4
1.2 Plan og bygningslova om kommunal planstrategi.....	4
1.3.1 Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging .....	5
1.3.2 Statlege planretningslinjer .....	5
1.3.3 Regional planstrategi.....	5
<b>2. Utviklingstrekk og føringar for vidare planarbeid. ....</b>	<b>7</b>
2.1. Folketalsutvikling og befolkningsstruktur .....	7
2.2. Næringsstruktur og sysselsetting.....	9
2.3. Oppvekst og utdanning .....	11
2.4. Folkehelse og levekår .....	13
2.5. Kommuneøkonomi .....	15
2.6. Klima og miljø.....	15
<b>3. Prioriterte satsingsområde og planbehov. ....</b>	<b>17</b>
3.1. Sentrale satsingsområde.....	17
3.2. Behov for revisjon av kommuneplanen? .....	17
3.3. Planbehov og prioritering fram mot 2019 .....	19
3.3.1. Overordna strategiplanar .....	19
3.3.2 Tema og sektor(fag)planar .....	20
3.3.4 Reguleringsplanar.....	21

# 1. Innleiing

## 1.1 Bakgrunn og føremål

Kommunal planstrategi er ikkje ein plan med føremål å drøfte målsettingar og strategiar. Føremålet er drøfte utviklingstrekk i kommunen som samfunn og organisasjon for slik å ha eit grunnlag for å vurdere planbehovet i inneverande valperiode, samt gi retning til det vidare planarbeidet.

Kommunal planstrategi skal tydeleggjere kva planoppgåver kommunen bør starte opp eller kva planar som kan vidareførast for å leggje til rette for ynskja utvikling i kommunen fram mot 2019. Slik skal kommunen sitt planarbeid vere styrt etter behov og ikkje verta meir omfattande enn nødvendig. Det vil slik vere enklare å prioritere planoppgåver basert utfordringar og behov.

## 1.2 Plan og bygningslova om kommunal planstrategi

Etter plan og bygningslova § 10-1 har kommunen plikt til å vedta ein kommunal planstrategi seinast eit år etter at det nye kommunestyret er konstituert.

*”Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.”*

*Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling.*

*Ved behandlingen skal kommunestyret ta stilling til om gjeldende kommuneplan eller deler av denne skal revideres, eller om planen skal videreføres uten endringer. Kommunestyret kan herunder ta stilling til om det er behov for å igangsette arbeid med nye arealplaner i valgperioden, eller om gjeldende planer bør revideres eller oppheves.*

*Utarbeiding og behandling av kommunal planstrategi kan slås sammen med og være del av oppstart av arbeidet med kommuneplanen, jf. PBL kapittel 11.*

### 1.3 Føringer og retningslinjer for kommunal planlegging

#### 1.3.1 Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging

Dei nasjonale forventningane samlar mål, oppgåver og interesser som regjeringa forventar at kommunen legg særleg vekt på i planlegginga i åra som kjem. Forventningsdokumentet er retningsgivande for regional og kommunal planlegging. Fylkeskommunen og kommunen har ansvar for å finne heilskaplege løysingar der lokale forhold og lokalpolitiske interesser blir teke i vare saman med nasjonale og viktige regionale interesser.

Første del av dokumentet «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging» omhandlar gode og effektive planprosessar (enklare regelverk og betre samarbeid, samt meir målretta planlegging). Andre del omhandlar planlegging for berekraftig areal- og samfunnsutvikling generelt. Tredje del omhandlar planlegging for attraktive og klimavennlege by- og tettstadsområder.

#### 1.3.2 Statlege planretningslinjer

Statlege planretningslinjer blir brukt for å konkretisere dei nasjonale forventningane til planlegginga, og markere nasjonal politikk på viktige områder i planlegginga. Nedanfor er ei kort oppramsing av gjeldande retningslinjer etter pbl 2008 og pbl 1985.

- Statlig planleggingsretningslinje for samordnet bustad-, areal og transportplanlegging.
- Statlig planretningslinje for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen.
- Statlig planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunene
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen.
- Rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag.
- Rikspolitiske retningslinjer for samordnet areal- og transportplanlegging.

#### 1.3.3 Regional planstrategi

Regional planstrategi peikar på følgjande overordna utfordringar for Sogn og fjordane:

- Globalisering og sentralisering
- Migrasjon og inkludering
- Kvinner, utdanning og arbeidsmarknaden
- Verdiskaping og utvikling av kunnskapssamfunnet
- Klimaendringar


Følgjande overordna målsettingar er definert i regional planstrategi;

1. Skape 500 nye arbeidsplassar kvart år, der det satsast på å nytte lokale ressursar, vere pådrivar i det grønne skiftet, skape mangfald av arbeidsplassar og samspel mellom kunnskapsmiljø, offentleg sektor og næringsliv.
2. Det er etablert eit forpliktande samarbeid mellom regionale og lokale aktørar for å utvikle sentra i dei største kommunane, med tiltak knytt til møteplassar, trivsel, kollektiv-, gang- og sykkelløysingar og gode arbeidsplassar med eit næringsliv i vekst.
3. Utvikling av sentra er knytt til gode kommunikasjonar i bu- og arbeidsmarknadsregionar.
4. Strategiar for å utjamne avstandsulemper, rammer for utvikling for å skape attraktivitet i mindre sentrale strøk og strategiar for å utvikle sentra skjer samstundes.
5. Fylket skal tilby utdanningar med kvalitet over landssnittet, både ut frå samfunnet sitt behov og vere leiande i utdanning og skuleresultat.
6. Fylket skal vere eit ope og inkluderande samfunn og alle kommunane har tydlege strategiar for å inkludere innvandrarak/tilflyttarak.
7. Folkehelse skal vere med som ein grunnleggjande del i samfunnsplanlegginga og levekåra i fylket er betre.
8. Fylket deltek i bygging av verdikjeder som gjev netto nullutslepp, innan bygg og ferje/båttransport og innkjøp.
9. Fylket følgjer opp klimautfordringane gjennom reduksjon av klimagassutslepp og tilpassing til klimaendringane med mål som er i tråd med nasjonale og internasjonale målsettingar, bl.a. Paris-avtalen.

## 2. Utviklingstrekk og føringar for vidare planarbeid.


### 2.1. Folketalsutvikling og befolkningsstruktur

Pr. 1. januar 2016 hadde Høyanger kommune 4161 innbyggjarar. Det er ein nedgang på 287 personar dei siste 10 åra (2006 til 2016). Årsaka til dette er negative fødselstal og fråflytting spesielt innanfor aldersgruppa 30-39 år. T.d. har talet innbyggjarar i aldersgruppa 30-39 år gått ned frå 575 til 391 den siste 10 års perioden.




Ei slik utvikling får konsekvensar for talet born og unge mellom 0-15 år. I perioden 2006-2016 har talet born i alder 0-4 år gått ned frå 275 til 185 og i alder 5-9 år gått ned frå 307 til 212. Ei slik utvikling vil på sikt verke inn på talet born i aldersgruppa 10 -19 år og dermed elevtalet på barne- og ungdomsskulane i kommunen, samt den vidaregåande skulen.

Framskrivingar frå SSB visar at tal eldre kjem til å auke, medan talet innbyggjarar i dei andre aldersgruppene går ned. Størst nedgang får ein i gruppa 40-64 år.




Denne aldersgruppa utgjer ein stor del av arbeidsstyrken. Høyanger kommune har også ein større prosentdel 80 år og eldre enn fylket og landet.

Folketalet har gått ned i alle grunnkretsane i perioden 2007-2016, med unntak av delar av Høyanger. Dei fire siste åra (2012-2016) har folketalet i kommunesenteret auka frå 2169 til 2199.



### Kvar kjem innvandrarane frå?



Talet innvandrarar i kommunen har auka frå 149 (2006) til 415 (2016), og utgjer i dag 9,6 % av innbyggjarane i kommunen. Størsteparten av innvandrarar til kommunen kjem frå Europa, men sidan 2010 har det også vore ei auke i innvandring frå Afrika og Asia.

Utan ein positiv flyttebalanse, spesielt innanfor aldersgruppa 20-40 år vil ein sjå ein nedgang i arbeidsstyrken i kommunen. Folketalsutviklinga vil også verke inn på framtidige fødselstal



og slik gi reduserte inntekter gjennom mindre statlege overføringar og skatteinntekter. Saman med ein aldrande befolkning og aukande utgifter til pleie og omsorgssektoren vil utviklinga setje kommunen sitt tenestetilbod under press. Negativ folketalsutviklinga vil også vere eit hinder for å realisere mål om vekst i næringslivet, og kan vidare tvinge fram ei drøfting kring skulestruktur og skuletilbod.

Innvandring til kommunen har auka og slik sett motverka den negative folketalsutviklinga. Høyanger kommune har i aukande grad blitt fleirkulturelt der innbyggjarane representerer eit større mangfald.

### **Føringar for vidare planarbeid.**


For å snu utviklinga knytt til negativ folketalsutvikling er det viktig å halde fokus på å skape arbeidsplassar, legge til rette for attraktive og varierte bustadar, skape eit godt offentleg tilbod til familiar med born og unge, jobbe fram attraktive lokalsamfunn, samt arbeide for å betre infrastrukturen til nærliggande sentra som gir høve for pendling og dermed ein breiare jobbmarknad. For Høyanger kommune sin del er Førde eit naturlege regionscenteret. I tillegg inngår ein i ein større bu- og arbeidsmarknadsregion som omfattar Balestrand, Høyanger, Gaular, Førde og delvis Bergen og Hyllestad jf. kap. 2.2. God infrastruktur og samhandling innad i denne bu- og arbeidsmarknadsregionen er viktig for å snu folketalsutviklinga.

Kommuneplanen inkl. handlingsprogram/økonomiplan, verdiskapingsplan, samt kommunedelplan for oppvekst og kommunedelplan for integrering og fleire kulturelt arbeid vil vere viktige styringsdokument for korleis ein skal møte utfordringane ovanfor og snu utviklinga.

## **2.2. Næringsstruktur og sysselsetting**


Talet personar med arbeidsstad i Høyanger kommune har blitt redusert frå 2146 personar i 2006 til 1695 personar i 2014. Dette talet speglar i hovudsak talet industriarbeidsplassar som har blitt redusert i perioden 2008-2014 jf. blant anna Fundo Wheels sin konkurs i 2009.

Innanfor dei andre næringane i kommunen har sysselsettinga vore stabil. Kommunal, fylkeskommunal (blant anna Høyanger vidaregåande skule) og statleg sektor (Helse Førde, Tronvik) er viktig når det gjeld sysselsetting innanfor helse og sosiale tenester, undervisning og administrasjon.



Arbeidsløysa har i eit historisk perspektiv vore låg og stabil, med unntak av enkelthendingar med omstrukturering (Hydro), nedbemanning og konkurs (Fundo Wheels). I 2009 og 2010 er arbeidsløysa blitt redusert. Det skuldast dels at nye verksemdar har blitt etablert i omstillingsperioden og at desse bedriftene har auka sysselsettinga. Sidan 2010 har arbeidsløysa vore rundt 2%. Arbeidsløysa pr. januar 2016 er 3,9% (83 personar) og er det høgaste som er registrert sidan februar 2011.

I 2014 er det registrert 2003 sysselsette personar busett i Høyanger kommune, medan det er registrert 1695 sysselsette personar med arbeidsstad i Høyanger kommune. Det betyr at det er netto utpendling frå kommunen. Det er i hovudsak menn innan industri, bygg- og anlegg og andre tekniske tenester som pendlar, samt eit mindre tal kvinner innanfor tenesteytande næringer. Utpendling har auka dei seinare åra, noko som viser at Høyanger kommune i større grad er integrert i ein større bu- og arbeidsregion. Største utpendlingskommunar er Førde, Hyllestad, Sokkelen og Bergen. Største innpendlingskommunar er Balestrand og Gaular.



Høyanger kommune inngår difor i ein større bu- og arbeidsmarknadsregion der aksa på nordsida av Sognefjorden omfattar Balestrand, Høyanger, Gaular, Førde og delvis Hyllestad, medan bygdene på sørsida av

Sognefjorden også delvis ser Bergen med omland som ein del av arbeidsmarknaden.

**Føringar for vidare planarbeid**

Det er eit vedteke mål å auke talet arbeidsplassar i kommunen. Samstundes er det også ønskjeleg å få større breidde/variasjon i næringslivet. Høyanger Næringsutvikling AS (HNU) er Høyanger kommune sitt nærings- og tiltaksapparat. Det viktigaste styringsdokumentet for korleis HNU, i samarbeid med kommunen, skal arbeide for å oppnå overordna målsettingar er verdiskapingsplanen. Verdiskapingsplanen er vedteken i Kommunestyret sommar 2016, og listar opp følgjande strategiar for innsatsen knytt til auka tal arbeidsplassar;

- Styrke utviklingsevna i det eksisterande næringslivet.
- Styrke evna til ny forretningsutvikling.
- Styrke gründer/entreprenørskapsmiljøet i kommunen.
- Utvikle eksisterande tilbod og auke mangfald innan handel og service.
- Auka satsing på reiseliv.


I tillegg til dette er det viktig at kommunen aktivt tek rolla som samfunnsutviklar, og leverar gode og føreseielege tenester over tid. Dette må sikrast gjennom målretta overordna planlegging (kommuneplanen, økonomiplan, osv.).

**2.3. Oppvekst og utdanning**

Kommunen har desentralisert barnehage- og skulestruktur med skular og barnehagar i Bjordal, Lavik, Vadheim, Kyrkjebø og Høyanger. Pr. januar 2016 var det 527 elevar i skulane og 195 born i barnehagane i kommunen. Høyanger skule er den største eininga med 338 elevar og ca. 60 tilsette. Fortsatt nedgang i barnetal vil kunne setje den desentraliserte barnehage- og skulestrukturen i kommunen under press. Folketalsvekst er difor viktig for også her å kunne tilby eit godt tenestetilbod.

Barnehagedekninga i kommunen er god og 100% av dei som har krav på plass i barnehage får tilbod. Ventetida for dei andre er låg. Talet styrarar og pedagogiske leiarar med godkjent barnehageutdanning har gått ned frå 95,5% i 2010 til 83,3% i 2015. Totalt sett har 32% av dei tilsette pedagogisk utdanning. Dette er litt lågare enn landsgjennomsnittet.

Befolkninga har i 2014 noko lågare utdanningsnivå enn lands- og fylkesgjennomsnittet. Utviklinga frå 2006 til 2014 er positiv då talet innbyggjarar med høgare utdanning har gått opp frå 16,5% til 19,8%



Folkehelseinstituttet sin statistikkbank viser at 92% av elevane i 7. og 85% av elevane i 10. klasse trivs på skulen. Dette er til liks med landsgjennomsnittet. Fråfall frå vidaregåande skule har i kommunen blitt redusert med over 10% sidan 2008, og ligg i 2012-2014 på 15%. Dette er ei særst positiv utvikling, og ein konsekvens av systematisk arbeid i samband med prosjektet Høyangerskulen 1-13 år. Dette gjer at Høyanger kommune ligg vesentleg lågare enn landsgjennomsnittet når det kjem til fråfall frå vidaregåande skule.

Høyanger kommune har god anleggsdekning innan idrett, og elles eit godt til rettelagt fritidstilbod for born i skulealder. Likevel signalisera helsestasjonen at det er aukande fedmeproblematikk blant born og unge i kommunen, også born i barnehagealder.

### **Føringar for vidare planarbeid**

Generelt veit ein lite om oppvekstvilkår for born og unge i kommunen. Det er difor ei prioritert oppgåve å få gjennomført undersøkinga Ungdata som omfattar eit breitt spekter av temaområder som foreldre og venner, skule, lokalmiljø, fritidsaktivitetar, helse og trivsel, rusmiddelbruk, risikoåtferd og vald. Kunnskap ein tileignar seg i denne undersøkinga vil vere viktig i arbeidet med oppvekstvilkår i kommunen.

Overordna mål er å sikre god og trygg oppvekst for alle born og unge i kommunen. Gode oppvekstvilkår er også viktig for å snu folketalsutviklinga, samt sikre god integrering. Viktigaste styringsdokument for dette arbeidet vil vere kommunedelplan for oppvekst.

Grunnpilaren i arbeidet med oppvekstvilkår er eit godt barnehage- og skuletilbod. Det er difor eit viktig mål å sikre eit 13-årig skuleløp i kommunen. Høyanger kommune har eit lågare utdanningsnivå enn fylket og landet, og høve til å fullføre vidaregåande er viktig for å sikre born og ungdom ei god oppvekst og vidare innpass i arbeidslivet i vaksen alder.

Eit godt barnehage- og skuletilbod inneberer også at ein har høg fagleg kompetanse blant tilsett personell, og dermed eit fokus på kompetanseheving slik at ein kjem opp på landsgjennomsnittet eller høgare. Med omsyn til tilflytting må det sikrast tilbod om barnehageplass til alle som ønskjer det.

For born og unge i skulealder har ein gode fasilitetar, god anleggdekning og generelt godt fritidstilbod i kommunen. For å motverke fedmeproblematikk bør det vere fokus på å etablere sosiale møteplassar med høve for fysisk aktivitet i nærmiljøet der målgruppa er mindre born (leikeplassar, parkområder, osv.). Slike tiltak er også viktig for integrering og trivsel i lokalmiljøet.


#### 2.4. Folkehelse og levekår

Høyanger kommune har eit høgare tal personar innlagt på sjukehus for personskader etter ulykker samanlikna med resten av landet. I perioden 2008 -2010 ligg kommunen i snitt på 16,3 skader pr. 1000 innbyggjar, medan snittet for landet er 12,8 (Folkehelseprofil 2016). Kva som er årsak til dette bør kartleggast nærmare, men ei mogleg forklaring kan vere folketalssamansettinga med ein aukande del av befolkning over 67 år. Aukande tal eldre vil også gi framtidige utfordringar knytt til aldersdemens.

Høyanger kommune ligg generelt lågare enn landet med omsyn til brukarar av primærhelsetenesta som får behandling av psykiske symptom og lidingar, hjarte- og kar sjukdommar, samt muskel- og skjelettplager. Dette er i utgangspunktet positivt, og kan tolkast dit at helsetilstanden hjå innbyggjarane er god. Det er likevel viktig å undersøkje talmaterialet nærmare for å få gjort ei vurdering av om det ligg andre årsakar til grunn.

Talet uføretrygda under 40 år ligg i snitt i perioden 2012-2014 på 2,2%. Dette talet har vore relativt stabilt sidan 2007. Samla innanfor aldersgruppa 18-66 år er 9,1% av innbyggjarane uføretrygda. Dette er til liks med snittet for landet. I 2010 var talet i underkant av 9%. 4,2% av innbyggjarane i alderen 25-66 år fekk økonomisk sosialhjelp i perioden 2010-2012.

Talet born av eineforsørgjarar har auka i perioden 2007 til 2014. I 2014 var ca. 19% av born i alderen 0-17 år born av eineforsørgjarar, noko som er 7% høgare enn tala for fylket, og 4% høgare en tala for landet. Eineforsørgjarar utgjer i større grad enn andre låginnteksthushaldningar. Ein auke i talet eineforsørgjarar kan difor gi signal om at samfunnet går i ein retning der ein ser auka sosial ulikskap.



Høyanger kommune har eit høgere tal gutar og jenter med overvekt eller fedme. Ved sesjon er 27, 4% (4 års gjennomsnitt) av gutar og jenter, som har oppgitt høgde og vekt, innanfor KMI kategori overvekt eller fedme. Tilsvarende tal for landet er 21,4%. Av alle fødande kvinner i perioden 2012-2014 var gjennomsnitteleg 45% registrert med ein KMI over 25. Tilsvarende tal for landet er 34%.

### **Føringar for vidare planarbeidet.**

For Høyanger kommune er det viktig at innbyggjarane har god livskvalitet, samt har høve til mestring og deltaking i samfunnet. For å sikre dette skal det blant anna utarbeidast;

- Rusplan med fokus på å hindre utvikling av avhengigheit til alkohol og/eller narkotika, samt redusere dei negative verknadane for enkeltpersonane og for samfunnet.
- Plan mot vold i nære relasjonar med mål og å hindre, førebygge og avdekke vold i nære relasjonar, samt sikre samordna innsats for å hjelpe voldsutsette.
- Temaplan for psykisk helse som gir føringar for kommunen sitt psykiske helsearbeid.
- Demensplan med fokus på tilbodet til mennesker med demens og deira pårørande.
- Bustadsosial handlingsplan med fokus på å sikre eit godt tilrettelagt butilbod til alle gruppe menneskjer.
- Plan for habilitering og rehabilitering med fokus på tilrettelegging og samordning av tenestetilbodet til brukarar med nedsett funksjonsevne.

For å motvirke overvekt og fedme bør det leggjast til rette for fysisk aktivitet i nærmiljøet. Dette arbeidet må sikrast i Kommuneplanens arealdel, samt KDP for idrett og fysisk aktivitet.

## 2.5. Kommuneøkonomi

Høyanger kommune har høge inntekter, men også store utgifter og høg lånegjeld. Netto lånegjeld pr. innbyggjar er 101 641,-, neste 34 000,- høgare enn KOSTRA gruppa kommunen tilhøyrar og ca. 33 000,- høgare enn fylkessnittet. Dei høge inntektene gir moglegheit til halde høg kvalitet på tenestene ein leverar. Høg kvalitet på tenestene inneberer høge driftskostnadar samanlikna med andre kommunar. Den høge lånegjeld kjem som konsekvens av fleire større investeringar dei seinare åra.

Kraftinntekter i form av konsesjonskraft, heimfall og regulerings- og konsesjonsavgifter gjer likevel det økonomiske framtidsbildet akseptabelt. I perioden 2016–2019 er desse inntektene budsjettert til ca. 29 mill. årleg. I tillegg kjem inntekter frå eigedomsskatt på ca. 42 mill. årleg. Dette gjer at sjølv om Høyanger kommune til liks med andre kommunar må prioritere både med omsyn til drift og investeringar er det økonomisk handlingsrom til å løfte enkelte viktige prosjekt og tiltak som kan fremje ynskja samfunnsutvikling.

### **Føringar for vidare planarbeidet.**

Høyanger kommune har som mål å redusere lånegjelda, samt setje av midlar i disposisjonsfond i tråd med økonomireglementet. Det er likevel ønske om å realisere fleire investeringsprosjekt som vil bidra til at ein oppnår den overordna målsettinga om folketalsvekst.

## 2.6. Klima og miljø

Høyanger kommune er utsett for flaumfare og skred. Om lag 35 objekt er sikra mot flaumskadar. I tillegg er havnivået i kommunen forventa å stige med 68 cm, og mogleg stormflod kan komme til å ligge på 248 cm over kote 0 i 2100. Dette kan føre til skader på eksisterande busetnad og infrastruktur. Det er forventa av episodar med kraftig nedbør aukar vesentleg i både intensitet og frekvens; noko som vil stille større krav til handtering av overvatn i utbygde strok. Framtidig klimautvikling vil også kunne gje auka frekvens av skred som er knytt til regnskyll/flaum, snøfall og snøsmelting. Jordskred, flaumskred og sørpeskred vil førekomme oftare (klimaprofil Sogn og fjordane, NVE).

Det vert årleg produsert i underkant av 1 000 GWh elektrisk energi frå Høyangeranlegga. Energiforbruket til Høyanger kommune vert i hovudsak dekkja av elektrisitet. I Høyanger tettstad er det utbygd fjernvarmenett som nyttar spillvarme til oppvarming av kommunale bygg. Det er potensiale for ytterlegare utbygging av elektrisk energi i kommunen.

Transportsektoren utgjer om lag 5% av samla energibruk i kommunen, men 20% om ein ser bort frå kraftkrevjande industri. Transportsektoren er også største kjelda til utslepp av CO2 ekvivalentar om ein ser bort frå kraftkrevjande industri. Desse utsleppa er aukande.

Det har gjennom historia vore utslepp til luft og sjø frå fleire industriverksemdar, spesielt i Høyanger og Vadheim. I tillegg har det vore etablert fleire avfallsdeponi, då spesielt i Høyanger tettstad. Pr. dags dato utgjer Høyanger Metallverk og Nyrstar hovudaktørane for slik type ureining. Begge blir følgt opp av, og held seg pr. dags dato innanfor krava, til Statens forureiningstilsyn.

Oppdrettsnæringa har utvikla seg til å bli ei viktig næring i kommunen. Interessemotsetnadane mellom fiskeoppdrett i sjø, vern av villaks og arealbruk på land er høg.

Det vil også vere viktig å ta i vare eksisterande, samt legge til rette for nye friluftsområde. Høyanger kommune har pr. dags dato to statleg sikra friluftsområde. Det bør vurderast moglegheit for å sikre fleire. Høyanger kommune deltek i eit kartleggingsprosjekt over friluftsområde i regi av Sogn og fjordane Fylkeskommune.

### **Føringar for vidare planarbeid.**

Noreg har signert Parisavtalen om klima. Avtalen skal bidra til auka innsats for utslippsreduksjon og forsterke arbeidet med klimatilpassing. Skal Noreg oppfylle sin del av avtalen er det truleg at også kommunar vil bli pålagt å arbeide aktivt med utslippsreduksjon og klimatilpassing.

Høyanger kommune kan også vere bidragsytar for å oppnå måla i Parisavtalen ved å tilrettelegge for auka produksjon av fornybar energi. Dei viktigaste styringsdokumentet for korleis Høyanger kommune skal arbeide med utsleppsreduksjon, klimatilpassing og auka produksjon av fornybar energi vil vere kommunedelplan for energi og klima, samt kommuneplanen sin arealdel. Hovudplan for avløp og veg vil vere viktig dokument i arbeidet med klimatilpassing.

Høyanger kommune bør gjennom overordna arealplanlegging forsøkje å finne ei berekraftig og framtidretta løysing på korleis oppdrettsnæringa skal utvikle seg i kommunen. Kommuneplanen sin arealdel blir også eit viktig styringsdokument for å prioritere og sikre nye friluftsområde i kommunen.



### 3. Prioriterte satsingsområde og planbehov.

#### 3.1. Sentrale satsingsområde


Med bakgrunn i utviklingstrekk, sentrale utfordringar og føringar drøfta ovanfor kan ein oppsummere følgjande satsingsområde som viktige i inneverande valperiode;

- Auka folketalet
- Auka talet arbeidsplassar/vekst i næringslivet
- Integrering og fleirkulturelt arbeid
- Utsleppsreduksjon og klimatilpassing
- Folkehelse, utjamning av sosial ulikskap og trygge lokalsamfunn

#### 3.2. Behov for revisjon av kommuneplanen?

Kommuneplanen inneheld kommuneplanens samfunnsdel, kommuneplanens arealdel, tematiske kommunedelplanar (KDP) og handlingsdel/økonomiplan. Samfunnsdelen tek stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap, og kommunen som organisasjon. Arealdelen er ein arealplan for heile kommunen som visar samanheng mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk.

Kommuneplanen er ein overordna, grovmaska plantype. Det betyr at det må fokuserast på kopling og samanheng mellom den langsiktige samfunnsdelen, sektorane sin planlegging og forvaltning i kommunen, den rettsleg bindande arealdel og handlingsdelen (økonomiplan) av kommuneplanen. Plansystemet kan illustrerast slik:



Kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedteken i kommunestyret januar 2013, og kommuneplanen sin arealdel vart vedteken februar 2016. Handlingsdelen vert revidert årleg i samband med økonomiplanarbeidet. Utanom desse gjeld enkelte kommunedelplanar.

Gjeldande samfunnsdel er frå 2013. Vurderingar av plandokumentet tilseie at det ikkje er eit tydeleg nok styringsdokument for korleis Høyanger kommune (både som kommune og samfunn) i fellesskap skal oppnå ønskt utvikling. Tenesteområda sine satsingsområda er ikkje omtala og ein misser difor koplinga mellom tenesteområda sitt arbeid og Høyanger kommune sine overordna felles mål.

For å imøtekomme utfordringar omtala ovanfor er det viktig med eit overordna styringsverktøy som tydeleggjer mål, satsingar, oppgåver og ansvar. Planstrategidokumentet legg difor opp til at kommuneplanen sin samfunnsdel blir teke opp til revisjon tidleg i kommunestyreperioden.

Kommuneplanen sin arealdel er av ny dato og blir vurdert revidert først i 2019.

## 3.3. Planbehov og prioritering fram mot 2019

## 3.3.1. Overordna strategiplanar

Tema	Plannavn	Vedtatt	Ansvar	2016	2017	2018	2019
Alle tema	Kommuneplanens samfunnsdel	2013	Rådmann	X			
Alle Tema	Kommuneplanens arealdel	2016	Rådmann				X
Økonomi	Økonomiplan	2015	Rådmann				X
Integrering	KDP for integrering og fleirkulturelt arbeid*	Ny	Rådmann		X		
Kultur og fritid	KDP Idrett og fysisk aktivitet	2014	Kultur og kommunikasjon			X	
Oppvekst og utdanning	KDP for oppvekst	1994	Oppvekst		X		
Samfunnstryggleik og beredskap	KDP Trafikktryggleik	2014	Plan og utvikling			X	
Klima og miljø	KDP Energi og klima	2010	Plan og utvikling		X		
Samfunnstryggleik og beredskap	Kommunal beredskapsplan	2014	Rådmann			X	
Samfunnstryggleik og beredskap	Overordna ROS analyse		Rådmann		X		
Næring og verdiskaping	Verdiskapingsplan	2016	HNU	X			

\*Strategi og mål for å inkludere innvandrarak/tilflyttarak slik at dei blir verande i kommunen. Dette skal skje gjennom fokus på koordinert og felles innsats innad i kommunen, samt gjennom samarbeid mellom offentlege/frivillige.

## 3.3.2 Tema og sektor(fag)planar

Tema	Plannavn	Vedtatt	Ansvar	2016	2017	2018	2019
Helse og omsorg	Smittevern -og pandemiplan (turberkulose)	2015	Helse og omsorg				X
Helse og omsorg	Plan for habilitering og rehabilitering	2011	Helse og omsorg	X			
Helse og omsorg	Rusplan	2011	Helse og omsorg	X			
Helse og omsorg	Vold i nære relasjonar	2012	Helse og omsorg		X		
Helse og omsorg	Plan for helsemessig og sosial beredskap	2011	Helse og omsorg	X			
Helse og omsorg	Temaplan for psykisk helse	2011	Helse og omsorg	X			
Helse og omsorg	Demensplan*	Ny	Helse og omsorg		X		
Helse og omsorg	Bustadsosial handlingsplan	2015	Helse og omsorg				X
Kommunal infrastruktur	Hovudplan avløp	1994	Plan og utvikling		X		
Kommunal infrastruktur	Hovudplan veg	1994	Plan og utvikling			X	
Kommunal infrastruktur	Vedlikehaldsplan for kommunale bygg**	Ny	Plan og utvikling	X			
Organisasjon	Kommunal plan for kompetanseheving***	Ny	Personalavd.		X		
Organisasjon	Arkivplan	2000	Personalavd.	X			
IKT	Plan for IKT tryggleik****	Ny	Personalavd.			X	
Kulturminne	Kulturminneplan	2016	Kultur og kom.				X

\* Demensplan skal ha fokus på planlegging av tilbudet til mennesker med aldersdemens og deira pårørande.

\*\* Vedlikehaldsplan for kommunale bygg skal prioritere og kostnadsrekne oppgraderingsbehov ved alle kommunale utleigeleilegheiter.

\*\*\* Kommunal plan for kompetanseheving har som føremål å kartlegge eksisterande kompetanse og framtidig kompetansebehov i kommunen sin organisasjon

\*\*\*\* Plan for IKT tryggleik skal kartlegge dagens IKT bruk/system i Høyanger kommune, samt vurdere og prioritere tiltak.

### 3.3.4 Reguleringsplanar

OR = Områderegulering utarbeidast primært av kommunen etter krav i kommuneplanens arealdel, eller når kommunen finner at det er behov for å ivareta verneomsyn eller for å tilrettelegge og legge rammer for vidare planlegging, utvikling og bygging. Det er i utgangspunktet ei kommunal oppgåve å utarbeide områderegulering.

DR = Detaljregulering skal følgje opp og konkretisere overordna arealdisponering i kommuneplanens arealdel eller områderegulering. Detaljregulering er ei planform for gjennomføring av utbyggingsprosjekt og tiltak, og erstattar tidlegare detaljert reguleringsplan og utbyggingsplan.

Plantype	Tema	Plannavn	Ansvar	2017	2018	2019	2020
DR	Næring/service/bustad	Reguleringsplan "gamle Vaimbly" – Vadheim sentrum	Plan og utvikling			X	
DR	Bustad	Reguleringsplan busadområde Nedre Austrheim	Plan og utvikling		X		
OR	Bustad/rekreasjon/næring	Reguleringsplan Sæbøstranda - molo	Plan og utvikling				X
DR	Infrastruktur	Reguleringsplan fylkesveg 55 – Frivika til Ulvåna	Plan og utvikling				X
DR	Bustad	Bustadfelt på Søreide	Plan og utvikling		X		
DR	Rekreasjon	Sti Hovland i Vadheim.	Plan og utvikling	X			
DR	Rekreasjon	Kraftanlegga/Trappene Høyanger sentrum.	Plan og utvikling		X		